

## Juleavslutning med Prøysen-preg

19.12.2007



"Musevisa" var dramatisert av tredje klasse og foran sit musebestemora og ruggar på ein stor potet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Alf Prøysens sang- og viseskatt sette sitt preg på juleavslutninga til skulen i den grad at det var rørande for ein hedmarking.**

**Men det må innrømmast at songen nådde eit atskillig høgre desibel-nivå då uskedelingane under juletregangen stemte i med "Det lyser i stille grender" av Sande enn då dei song "Julekveldsvisa" av Ringsaker-diktaren.**

Men Prøysen var sterkt i fokus under heile det timelange programmet til elevane slik hedemarkingen har vore det på skulen gjennom haustsesongen. På sett og vis var dette difor ein slags "Prøysen-eksamen" og karakteren er klar nok: Bestått! Ikkje vil vi dele ut nokon Prøysen-pris, men dramatiseringa til tredjeklassen av "Musevisa" var rørande og det samme var "Romjulsdrøm" som vart sunge av 2. klasse.



Det var eit fint og godt regissert arrangement, dette året i "Storstova" medan det i fjor var i låven på Dønhaug. Vekslinga mellom dei to festlokala er svært vellukka nettopp fordi dei er så vidt forskjellige. Men det er ærleg tala meir julestemning i låven.....

Frammøtet var imponerande også dette året, ettersom ein tredjedel av uskedelingane faktisk var der. 350 fylte amfi og ekstra stoler og benkar og alle hadde nokre fine førjulstimar.

Fjerde klasse imponerte mellom anna med sine engelsk-kunnskapar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret som var starta i haust må trekkjast fram nok ein gong. Hilde Bringedal og Rannveig Helleland har øvt med dei 18 jentene med to vekers millrom og det må ha vore svært matnyttige øvingar så flinke som dei allereie er. Dei gav oss ein svært stemningsfull opning ståande i mørkret med kvart sitt lys, og dei song både etter juleevangeliet og under juletregangen.

Svaret som Rannveig gjev hvis ein spør kvifor det er berre jenter i koret er dette: - Det meldte seg ingen gutter! Vi kan heller ikkje tvangsdiregira gutter inn i koret, for denne oppgåva skal vera lystbetont.



Ein som starta seint med engelsk samanlikna med pensumkrava i våre dagar kunne ikkje unngå å bli imponert over fjerdeklassen som presenterte ei juleforteljing på nesten uklanderleg engelsk. Ikkje for det – førsteklassingane ønskte God Jul på det samme språket!

Sjuandeklassingane las jule-evangeliet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Vidar Haugland, som hadde ei sikker, styrande hand med det heile, fekk spontant klappe-svar frå forsamlinga då han formulerte seg slik:

- Vær like stolte som meg over at vi har så mange flinke elevar og lærarar!



Og apropos flinke elevar: Det var sjuandeklassingane Sindre Aksnes og Kenneth Stensletten som hadde til oppgåve å vera promgramleiarar.

Førsteklassingane syng "Bolla pinnsvin".

(Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ei matpause var det juletregang og då trådte sjølvaste kultursjef Kristian Bringedal til med pianospel og myndig forsanger-røyst.

Av Ola Matti Mathisen



Det nystarta koret har lært mykje på stutt tid. (Foto: Ola Matti Mathisen)